

Hordaland Fylkeskommune, Kommunesamarbeid  
Pb. 7900  
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

03 NOV 2017

Saksnr. 17/671 - 8	Arkivkode / N01/ &13	Saksh. Aina Tjosås - 56 57 50 43	Dykkar ref.	Dato 06.11.2017
-----------------------	-------------------------	-------------------------------------	-------------	--------------------

## Innspel til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018–2029

Viser til forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 og Os kommune sitt høyringsvar til RTP datert 11.4.2017.

Os kommune tykker det er positivt at det blir laga eit investeringsprogram som eit verktøy for langsiktig planlegging av drift, vedlikehald og investeringar på fylkesvegane. Vegnettet i Os treng omfattande oppgradering for å kunne møte veksten i kommunen, og fylkesvegane er ei viktig brikke i dette arbeidet.

Fylkestinget gjorde 14.6.2017 mellom anna følgjande vedtak:

*Pkt 3 Fylkeskommunen vil vurdere alle ferjestrekningar som kan vere aktuelle som ferjeavløysingsprosjekt.*

Os og Fusa skal frå 1.1.2020 slå seg saman til Bjørnafjorden kommune. Per i dag er kommunane knytt saman med ferjesambandet Hatvik-Venjanaset og omkøyringsveg via Samnanger kommune. Betre infrastruktur mellom Osøyro og Eikelandsosen er nødvendig for å få ein effektiv og god Bjørnafjorden kommune. Vi ber difor om at ferjesambandet Hatvik-Venjanaset blir prioritert som ferjeavløysingsprosjekt.

*Pkt. 6 Samanhengande sykkelvegnett i Bergen må prioriterast. Fylkets strategi for utvikling av øvrig sykkelvegnett skal baserast på sykkelbyprosjektet.*

Vi gjer merksam på at administrasjonen i Os kommune arbeider med ein søknad for å bli godkjent som sykkelby. Søknaden kjem til politisk handsaming tidleg 2018.

### Fleksibilitet

Os kommune tykkjer det er positivt at fylkeskommunen ønskjer å ta i bruk fleksibiliteten som ligg i vegnormalane ved utbetringar og opprustinga av eksisterande infrastruktur. Ved i større grad samkøyre overordna satsingar med lokale tiltak kan vi saman få til gode løysingar og effektiv bruk av offentlege midlar.

Nye veganlegg er svært kostnadskrevjande og difor vanskeleg å få realisert. Dette har vi seinast erfart med Hatvikvegen og ny fylkesarm Åsen-Helleskaret. Langs Fv 160 har Os kommune lagt nytt VA-anlegg som vi opparbeider til g/s-veg. I samarbeid med HFK og SVV blei fylkesvegen eit kort stykke flytta litt mot nord slik at g/s-vegen fekk nok breidde til å kunne driftast på ein god måte. Slik

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 30 75 26	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

kunne vi få til eit tilfredsstillande g/s-tilbod utan å ta ei større oppgradering av fylkesvegen. Slike løysingar vil Os kommune gjerne få til også andre stader.

Os kommune hadde følgjande prioriteringsliste til rulleringa av RTP 2018- 2029, lista står ved lag:

Nr	Prosjekt	Føremål	Status regulering	Estimert kostnad (inkl MVA)
1	Hatvikvegen, parsell 1 (Hegglandsdalen-Klyva) generell opprusting	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent	100 mill
2	Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen)	Gang-/sykkelveg	Godkjent	25 mill.
3	E39-Lepsøykrysset	Gang-/sykkelveg samt utbetring kryss	Godkjent	
4	Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden)	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent	10 mill.
5	Hegglandsdalsvegen	Generell opprusting/ punktutbetring	Ikkje reg.plan	
6	Storumbakken – Lepsøy	Generell opprusting, ferdigstilling av heile strekninga	Godkjent	
7	Lysekloster ruinar – Buena kai	Mindre utviding av fylkesvegen	Ikkje reg.plan	
8	Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai)	Gang-/sykkelveg, generell opprusting	Godkjent 2015	220 mill.
9	Hildershavn/Askvik – Drange/Helleskaret	Ny veg som knyt saman FV163 Drangsvegen med FV 160 Strønevegen	Oppstart områdeplan 2017	

Som det kjem fram av prioriteringslista, så ønskjer Os kommune å prioritere tiltak som først og fremst betrar trafikktryggleik/framkomst for mjuke trafikantar. I enkelte tilfelle må eksisterande veg flyttast for å få på plass gang-/sykkelveg. Dette gjer at enkelte av prosjekta blir svært omfattande og kostbare. I tilfelle Hatvikvegen har vi difor delt opp prosjekta i fleire trinn. Her er nærare omtale av dei ulike prosjekta:

1. Etablering av gang-/sykkelveg langs Hatvikvegen har vore høgt på prioriteringslista lenge. Dagens situasjon for mjuke trafikantar langs vegen er svært dårleg, særleg for dei som bur på oppsida av vegen. Ferjetrafikken Hatvik-Venjanaset er stadig aukande og frå 2020 vil denne vegen vere hovudsamband i den nye Bjørnefjorden kommune. Ved utbygging av Bjånes er det lagt inn rekkjefølgjekrav for etablering av gang-/sykkelveg frå Hauge til Klyva. Det er inngått utbyggingsavtale med utbygger Bjånes Fjordbolig AS der deira bidrag er sikra. I lista over prioriteringar figur 22 er Osøyro-Hatvik plassert under prioritet 2. Det betyr at fylkeskommunen ikkje vurderer strekninga som særskilt viktig å ruste opp i neste 12 årsperiode. Os kommune er ikkje samd i denne vurderinga og ber om at vegstrekninga får prioritet 1. Alternativt ønskjer Os kommune å gå i dialog med HFK/SVV for å sjå om vi saman kan finne løysingar for ein forenkla standard på denne vegstrekka.
2. Os kommune har planlagt nytt VA-anlegg langs Hegglandsdalsvegen frå Hauge til Valle bru. Det er etablert kontakt mellom vegvesenet og kommunen om eit felles prosjekt der målet er

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56 57 50 43	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

å få på plass regulert gang-/sykkelveg. Dette hastar å få på plass, då dagens situasjon er svært vanskeleg for mjuke trafikantar, og det er planar for etablering av ny skule i området. Valle bru må inngå i eit slikt prosjekt. Prosjektinga for anlegget er gått i gang og det viktige no er å sikre midlar til fysisk tiltak. Os kommune har signalisert at vi ønskjer å bidra i eit spleiselag for å få dette til.

3. Lepsøykrysset er eit farleg kryss der det jamleg er bilulykker med personskader. I tillegg er tilhøva for mjuke trafikantar svært vanskeleg frå bedehuset i Solbakken, gjennom undergangen på Halhjemsvegen og til fortauet på Nilsavegen. Skal heile krysset utbetrast, vil det måtte bli eit spleiselag mellom fylke og stat. Om dette ikkje lar seg gjere på kort sikt, ber Os kommune om at tiltak for mjuke trafikantar blir prioritert no, særleg fortau i Trolldalen.

4. Sperrevik-Sørstraumen manglar gang-/sykkelveg. Lysefjorden har dei seinare åra blitt svært populært bustadområde og det er rimeleg å anta at dette vil bli forsterka med ny E39 og ny fylkesveg til Hellekaret. Gjennom privat utbygging er det no på plass avtale om å etablere gangsti frå brua og opp til skulen. For å få på plass samanhengande og trygg skuleveg for borna vest for brua, må det etablerast gang-/sykkelveg frå brua og til etablert fortau langs Sperrevikvegen.

I forslag til trafikksikringsplan for Os kommunen 2018-2022 ligg følgjande tiltak inne:

*Fortau fra Sperreviksvegen/Nordsraumen over broen med fotgjengarfelt over til Lyseklostervegen slik at born kan gå gjennom der til skulen. Opphøgd gangfelt til bussholdeplassar med forsterka lys. Lysregulering i gangfelt. 30 sone frå nordstraumen og over bru*

I samband med E39 er det sett av midlar til trafikksikring i Lysefjorden. Medlemskap i Sykkelby-nettverket vil truleg også utløyse midlar til gang-/sykkelveg i kommunen. Det er viktig at det blir etablert eit godt samanhengande tilbod for mjuke trafikantar i Lysefjorden og Os kommune er villige til å diskutere eit spleiselag med HFK/SVV for å få realisert eit slikt tiltak.

5. Hegglandsdalsvegen har parti som er svært smale og med dårleg kvalitet. Dette er ein viktig veg i samband med legevaksamarbeidet med Fusa og Samnanger og ein viktig omkøyringsveg for ferjesambandet Hatvik- Venjanaset. I tillegg tar denne vegen mykje av helgeutfarten mot Voss/Hardanger frå Os og kommunane sør.

6. Store deler av Lepsøyvegen er rusta opp, men framleis er det parti igjen frå Storumbakken og til Lepsøy som må takast før vegen held dagens krav og trafikktryggleiken for mjuke trafikantar er tilfredsstillande.

7. På vegen mellom Lysekloster ruiner og Buane er det for smalt til at to personbilar kan passere. I tillegg manglar det tilbod for mjuke trafikantar langs vegen. Det har tidlegare vore diskutert mindre tiltak og punktutbetringar som kan betre framkomst langs vegen og hindre uheldige ryggesituasjonar. I samband med ny båt til Lysøen er det rimeleg å tru at også klosterruinane blir meir populært turistmål, noko som igjen fører til meir busstrafikk på vegen.

8. Hatvikvegen frå Klyva til Hatvik er ferdig regulert og gang-/sykkelsti slik at det er eit samanhengande tilbod langs hovudvegane.

9. Det blir snart meldt oppstart av områdeplan for Hildershavn – Drange. Gjennom planarbeidet vil det bli regulert inn veg som knyter seg til eksisterande vegar i sør og nord.

I tillegg til tiltaka som er nemnt i prioriteringslista over, er det ei rekke små og store tiltak som burde vore gjort på fylkesvegnettet i Os. Vi ønskjer å ha ein tett og god dialog med fylkeskommunen og

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

Statens vegvesen, slik at vi i størst mogeleg grad kan vere orientert om arbeid som blir planlagt og gjerne også kan få kome med innspel i samband med konkrete tiltak.

### Åsen-Helleskaret

Kostnadsauke gjer at Fv161 Åsen – Helleskaret, ikkje let seg gjennomføre som planlagt. Det pågår arbeid for å sjå på tiltak som kan redusere kostnadane. Slik situasjonen er per i dag er det rimeleg å tru at Os kommune byggjer vegen som ein kommunal veg i eit spleiselag med fylkeskommune og grunneigarar. Prosjektet ligg inne med 18 mill i oversikt over investeringsmidlar. Det er viktig at desse midlane blir liggande.

### Ulven leir-Hjorthaug

I investeringsprogrammet ligg det inne gang-/sykkelveg frå Ulven Leir-Hjorthaug i perioden 2026-2029 (tabell 29). I samband med Forsvaret sitt planarbeid for Ulven leir, blir det no regulert inn gang-/sykkelveg på strekninga. Dette tiltaket ligg også inne i Os kommune sin trafikksikringsplan for perioden 2018-2022. Ny E39 vil opne i 2022 og då vil Lyseparken bli frigjort for utbygging. Det er ikkje lagt opp til gang-/sykkelveg langs E39, så eit tilbod langs Lyseklostervegen er avgjerande for å få på plass eit tilbod for mjuke trafikantar mellom Osøyro og Lysefjorden/Lyseparken. Os kommune ber difor om at dette tiltaket blir flytta fram i planperioden.

### Skilt

Med tanke på dei mange små og store vegprosjekta i Os kommune dei næraste åra, ber vi om at det blir sett av midlar til skilting. Vi ber også HFK vurdere om sykkelvegen Nordsjøløypa bør skiltast om slik at den går om Kismul i staden for over Fanafjellet.

Vi gjer merksam på at det i tabell 27 er ført opp Osterøy som kommune på tiltak for fornying og opprusting Osøyro.

Med helsing

Christian Fredrik Fotland  
Rådmann

Aina Tjosås  
Kommunalsjef samfunnsutvikling

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på <https://www.norge.no>

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset  
Torggata 7  
Pb.84, 5202 Os

Sentralbord: 56 57 50 00  
Telefax: 56 57 50 01  
Dir. innval: 56 57 50 43

postmottak@os-ho.kommune.no  
www.oskommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388  
Org.nr.: 844 458 312